

---

Saksnr: 2019/11-60  
Saksbehandlar: Petter Lem Gullestad

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Valnemnda		03.03.2021
Fylkestinget		09.03.2021

**Val av representantar til styringsgruppa i Invest in Bergen**

## Innstilling

1. ....vert vald som representant til styringsgruppa i Invest in Bergen.
2. ....vert vald som representant til styringsgruppa i Invest in Bergen.

## Samandrag

Vestland fylkeskommune er beden om å peike ut to representantar til ny styringsgruppa i Invest in Bergen. Kjønnbalanse er eit av kriteria for samansetnaden i ny styringsgruppe. Fylkesrådmannen rår til at fylkestinget peiker ut ein representant av kvart kjønn.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Invest in Bergen er ein offisiell organisasjon som arbeider for å få fleire investeringar og bedriftsetableringar i Bergensregionen. Organisasjonen yter gratis tenester. Organisasjonen er den lokale partnaren til Invest in Norway, som er ein del av Innovasjon Norge.

Vestland fylkeskommune er Invest in Bergen sin største finansielle bidragsyter. Følgjande 15 kommunar har førebels vedteke å bli med i ein ny programperiode frå 2021 til 2024: Askøy, Austrheim, Bergen, Bjørnafjorden, Eidfjord, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen, Osterøy, Samnanger, Ulvik, Vaksdal, Øygarden og Voss (gjennom Voss Eigedom).

Alver kommune skal ta opp ei vidareføring i sitt strategimøte til våren, medan Ullensvang kommune ikkje har behandla sak om vidareføring i sitt kommunestyre.

Invest in Bergen skal ha eigarmøte 12.mars. Dagens styringsgruppe vart vald på eigarmøte i 2020. Styringsgruppa har ikkje tilfredsstillande kjønnsbalanse og styringsgruppa har sjølv utnevnt ein valkomité for å gjennomføre nyval. Etter endring på forrige eigarmøte har fylket nå to plasser i styringsgruppen.

Sigbjørn Framnes (FrP) vart på marstinget i 2020 peika ut som fylkeskommunen sin representant, medan Tor André Ljosland (Krf) har fungert som den andre representanten frå fylket i kraft av sin rolle som leiar av hovudutval for næring.

Styringsgruppa som no skal veljast, vert vald for resten av inneverande fylkestings- og kommunestyreperiode.

### Vedtakskompetanse

Fylkestinget gjer val av representantar til styringsgruppa, jf. reglement for fylkestinget punkt 2.4.6.

### Vurderingar

Det er etablert ein eigen valkomité i Invest in Bergen for val av ny styringsgruppe. Fylkeskommunen er beden om å melde inn sine to representantar til valkomiteen. I tillegg er opplyst at komiteen vil spørje Bergen kommune (som nest største finansielle bidragsyter) v/byråd for næring Erlend Horn om han vil vere representert.

Vidare skal valkomiteen innstille på inntil 5 ordførarar, der følgjande vil vere del av vurderinga:

- *Kjønnsbalansen i den nye styringsgruppen*
- *Representantene i styringsgruppen bør så godt det lar seg gjøre, representere de ulike geografiske delene av Bergensregionen*
- *Dagens representanter må ikke skiftes ut, men det er selvfølgelig opp til valgkomiteen å beslutte hvem de ønsker å ha med i en ny styringsgruppe*

Det følgjer av Vestland fylkeskommune sin eigarskapsmelding om andre verksemder:

«Fylkestinget tilrår at eigarorganet uavhengig av organisasjonsform og lovkrav forsøker å oppnå balansert kjønnsrepresentasjon i styra for å betre utnytte eksisterande kompetanse i regionen.»

Den eine av Vestland fylkeskommune sine representantar vil verte leiar i styringsgruppa. For å bidra til kjønnsbalanse i den nye styringsgruppa, rår fylkesrådmannen til at fylkestinget vel ein representant av kvart kjønn.

### Konklusjon

Fylkestinget gjer val av to representantar til styringsgruppa i Invest in Bergen, ein av kvart kjønn.